

Årsmelding for Hordaland Venstre 2016

1. FYLKESÅRSMØTET

Fylkesårsmøtet vart halde på Scandic Hotel Ørnen i Bergen sentrum 6. og 7. februar 2016. Det møtte 97 utsendingar frå lokallaga, fylkesstyret, Unge Venstre og Venstrekvinnelaget. I tillegg møtte fylkessekretær Gro Gjelsvik

Desse sakene var oppe:

- årsmelding, rekneskap, tilleggskontingent, budsjett
- politisk innleiing ved stortingsrepresentant og nestleiar i Venstre, Terje Breivik
- generell politisk debatt
- fråsegner
- organisasjonsdebatt
- orientering om valkampevalueringsrapport
- vedtak av handlingsplan
- vedtektsendringar (ingen framlegg til endringar)
- val av fylkesstyre, revisorar
- val av nominasjonsnemnd og landsmøteutsendingar
- landsmøtetema 2016 – Barn, unge og oppvekst
- suppleringsval valnemnd 2015-16
- val av redaksjonsnemnd for fylkesårsmøtet 2017

Det vart også halde ei statusorientering om kommunereforma ved Ole Bakkebø hos Fylkesmannen

2. FYLKESSTYRET

Fylkesstyret har sidan årsmøtet hatt følgjande samansetting:

Leiar: Idun Bortne, Bergen (permisjon i tidsrommet 10. april - 14. august)

1. nestleiar: Bjørnar Hamre, Bergen

2. nestleiar: Jon Sivert Rykkel, Os

Styremedlem: Ingrid Bjørke Nisamjan, Kvam

Styremedlem: Ronny Knudsen, Askøy

Styremedlem: Rolf Nesheim, Lindås

Styremedlem: Ingebjørg Winjum, Granvin

Varamedlemmer:

1. Bård Mangerøy, Radøy

2. Pia Kleppe Marken, Sund

3. Kent Are Pettersen, Kvinnherad

4. Trude Sletteland, Bergen

5. Astrid K. Hårstad, Bergen

6. Alf Helge Greaker, Bergen

7. Elizabeth Toft Erichsen, Sund

For Hordaland Unge Venstre møtte Ingrid Handeland fram til september. Etter det overtok Agnes Hoshovde Bernes. Ingrid Kvia Reime eit møte.

For Hordaland Venstrekvinnelag møtte hovudsakleg Birgitte Hjertaas. Åsta Årøen eit møte. Gro Gjelsvik har som sekretær delteke på styremøta.

Gruppeleiar i fylkestingsgruppa, Anne-Beth Njærheim, har vore kalla inn til styremøta og delteke ved høve. Dialogen med fylkestingsgruppa har vore god. Stortingsrepresentant Terje Breivik har vore kalla inn til styremøta. Han har hatt høve til å møta fysisk to gonger i 2016, og har elles ved fleire høve vore med på telefon.

Fylkesstyret har i 2016 hatt 11 ordinære styremøte. Styret har handsama 107 saker. Alle møtedatoar vart fastsett i februar ved oppstartinga med det nye styret. Frammøtet til styremøta har vore bra. Styret har hatt et arbeidsutval samansett av leiar og nestleiarar og fylkessekretær. Arbeidsutvalet har hatt 3 møte i 2016.

Lokallagsfadderordning. Fylkesstyret har delt ansvaret for dei ulike lokalaga i fylket mellom seg slik: Bjørnar – Bergen, Voss, Stord og Bømlo, Ingebjørg – Granvin, Ullensvang, Ulvik og Eidfjord, Ingrid N. – Kvam, Kvinnherad, Osterøy og Sveio, Jon Sivert – Os, Fusa, Tysnes og Odda, Rolf – Lindås, Meland, Radøy, Austrheim og Masfjorden, Ronny – Askøy, Fjell, Sund og Etne

3. UTVAL

NOMINASJONSNEMND:

Nominasjonsnemnda for vallista føre Stortingsvalet 2017 har vore samansett av dei følgjande:

Erling Birkeland, Bergen (leiar)
Kjersti Vevatne, Osterøy
Frank Schmidt, Bømlo
Sveinung Toft, Lindås
Ingebjørg Winjum, Granvin

Åsta Årøen møtte som Venstrekvinnelaget sin representant
Martin Frøyland møtte som Unge Venstre sin representant.

Fylkessekretær Gro Gjelsvik har vore sekretær for nemnda.

Nemnda starta sitt arbeid i februar 2016.

VALNEMND:

Etter fylkesårsmøtet har fylkeslaget hatt følgjande valnemnd:
Dei har hatt eitt møte hausten 2016 (og to møte i januar 2017).

Jostein Osnes, Etne (leiar)
Grete Line Simonsen, Bergen
Bjørn Magne Hufthammer, Austevoll
Kari Herstad, Ullensvang
Beate Eknes, Meland

For Unge Venstre har Andreas Myrseth Kolstad møtt
For Venstrekvinnelaget har Kari Østervold Toft møtt

Fylkessekretær Gro Gjelsvik har vore sekretær for nemnda.

VALKAMPUTVAL:

Eit forberedande valkamputval leia av nesteleiar Bjørnar Hamre vart nedsett allereie i april 2016. Etter nominasjonsmøtet i midten av september var eit endeleg utval operativt; det har vore samansett av dei følgjande:

Tallak Rundholt, Bergen (leiar)
Astrid Knutsen Hårstad (Bergen Venstre/valkampsjef i 2013))
Terje Breivik, Ulvik (1. kandidat)
Idun Bortne, Bergen (2. kandidat og fylkesleiar)
Sondre Hansmark Persen, Bergen (3. kandidat)
Elizabeth Toft Erichsen, Sund (representant for Venstrekvinnelaget og 4. kandidat)
Ingrid Handeland, Kvinnherad (representant frå Unge Venstre)
Frode Nergaard Fjeldstad (valkamprådgjevar VHO)
Anine D. Moldskred (Terje sin profilrådgjevar)

Fylkessekretær Gro Gjelsvik har vore sekretær for utvalet.

INTERNREVISORAR:

Kari Østervold Toft, Sund og Siri K. Hamre, Bergen

4. LOKALLAGS-/MEDLEMSSTATUS

Venstre har nå lokallag i 25 (av 33) kommunar i Hordaland.
Vaksdal Venstre og Eidfjord Venstre vart skipa i 2011, men laga der har ikkje fungert sidan.
I Samnanger har Venstre 2 medlemmer, i Øygarden 2 medlemmer, i Jondal 3 medlemmer og på Fedje 1 medlem. Her treng vi kontaktpersonar.
I Fitjar og Modalen er det per i dag ingen medlemmer.

Fylkesstyret er merksame på at kjønnsbalansen er skeiv i medlemsmassen - at kvinneandelen berre er på 37%. Eit fokus i handlingsplanen har vore å auke kvinneandelen blant medlemmane før stortingsvalet, men førebels har ikkje styret lukkast med det.

Betalande medlemmer:

2005	540	betalande medlemmer
2006	575	betalande medlemmer
2007	613	betalande medlemmer
2008	650	betalande medlemmer
2009	819	betalande medlemmer
2010	838	betalande medlemmer
2011	952	betalande medlemmer
2012	973	betalande medlemmer
2013	850	betalande medlemmer
2014	831	betalande medlemmer
2015	796	betalande medlemmer
2016	708	betalande medlemmer

I medlemsregisteret var det registrert 836 personar pr 31.12.16

5. FRÅSEGNER

Fylkesårsmøtet 2016 vedtok desse fråsegnene:

1. Bevar beredskapen ved lokalsykehusene Stord og Odda
2. Hovudvegsamband vest- aust
3. Barnet som borger
4. Enkel og god integrering

Fylkesstyret vedtok i løpet av året følgjande fråsegner:

1. Vern Øystesevassdraget! (mars – oversendt frå årsmøtet)
2. Det må satsast meir på små og mellomstore bruk! (mai)
3. Vi må ta det viktigste først (august) (om trygghet vei/bane på strekningen Arna-Voss)
4. Hordaland Venstre ønsker samsvar mellom foreldrepermisjonen og tilbud om barnehageplass (september - til intern bruk)
5. Ja til ein sterk Vestlandsregion (desember)

6. MØTER/KONFERANSAR

Hordaland Venstre har arrangert:

- | | |
|------------------|---|
| 6. – 7. februar | Fylkesårsmøte i Bergen |
| 9. – 10. april | Lokalpolitisk nettverkssamling i Bergen. X deltakarar. |
| 10. april | Delegasjonsmøte føre Landsmøtet |
| 17. > 23. august | Kandidatpresentasjonsmøter i Granvin, Knarvik, Leirvik og Bergen. |
| 16. september | Nominasjonsmøte |
| 17. september | Fylkessamling/valkampsamling i Bergen. X deltakarar. |

På Venstres Landskonferanse 15. - 16. oktober i Oslo deltok fleire frå Hordaland.

7. ANDRE SAMARBEIDSORGAN

- | | |
|----------------------------|---------------------|
| Hordaland Unge Venstre | sjå eiga årsmelding |
| Venstres Fylkestingsgruppe | sjå eiga årsmelding |
| Hordaland Venstrekvinnelag | sjå eiga årsmelding |

8. REPRESENTASJON I REGJERING OG STORTING

Terje Breivik (Ulvik) var Venstre sin representant frå Hordaland på Stortinget; medlem i Finanskomiteen. Åsta Årøen (Bergen) har vore vara for han.

9. REPRESENTASJON I HORDALAND FYLKESTING

- | | |
|----------------------------------|--|
| Anne-Beth Njærheim (gruppeleiar) | Fylkesutvalet |
| Geir Kjell Andersland | Utval for kultur, idrett og regional utvikling |
| Geir Angeltveit | Utval for miljø og samferdsel |

Vararepresentantar:

- | | |
|----------------------------|------------------------------|
| Elizabeth Toft Erichsen | Utval for opplæring og helse |
| Torstein Gunnarson | |
| Ingrid Handeland | |
| Tove Kristin Sleire Tistel | |
| Bjørnar Hamre | |
| Marit Helen Leirheim | |

10. REPRESENTASJON I STYRE OG UTVAL I VENSTRE SIN HOVUDORGANISASJON

Sentralstyret: Terje Breivik har vore nestleiar.

Landsstyret: Idun Bortne. Nestleiar Bjørnar Hamre møtte to gonger.

Erlend Horn har vore direktevalt til Landsstyret eller Landsmøtet i april. Horn var m.a. del av eit nedsett utval som såg på korleis landsmøtekostnadane kan reduserast.

Anne-Beth Njærheim har vore 9. vara til direktevalt til Landsstyret etter Landsmøtet i april.

Venstres gruppe for marin sektor: Kari Østervold Toft

11. LANDSMØTET

På Venstre sitt landsmøte på Quality Hotel i Tønsberg 15.-17. april deltok desse frå Hordaland: Nestleiar Bjørnar Hamre (landsstyret), Anders Skoglund, Julie Andersland, Erlend Horn, Geir Kjell Andersland, Anne-Beth Njærheim, Birgitte Hjertaas, Ingrid Handeland, Ingrid Bjørke Nisamjan, Agnes Hushovde Bernes, Eivind Tokheim, Sondre Hansmark Persen, Kristin Øygarden, Njaal Neckelmann, Arild Raftevoll og Geir Angeltveit.

For sentralstyret: Terje Breivik

I tillegg deltok nokre få med tilknytning til Hordaland Venstre som delegatar frå Norges Unge Venstre.

12. HORDALAND VENSTRE SIN MILJØPRIS

Hordaland Venstre sin årlege miljøpris vart i 2016 delt ut til Lund Hovedgård AS Bioretur.

Grunngjeving: Lund Hovedgård AS Bioretur vert tildelt prisen fordi dei gjennom utvikling av metodar for gjenvinning og ny bruk av returmateriale bidreg til å gjere Hordaland grønarare og meir bærekraftig.

Prisen, som var eit diplom og eit glasbilete, vart overrekt av Terje Breivik under ei fylkessamling i Bergen 17. september.

13. SEKRETARIAT

Gro Gjelsvik har vore sekretær i 60 % stilling dette året. I januar arbeidde ho 100% for å førebu fylkesårsmøtet. Ho har vore sekretær for fylkesstyret, valkamputvalet, valnemnds og nominasjonsnemnda og rekneskapsførar for Hordaland Venstre og fylkestingsgruppa.

Bystyregruppa i Bergen kjøper rekneskapstenester.

Elizabeth Toft Erichsen har vore tilsett som gruppesekretær for fylkestingsgruppa i 25% stilling.

14. ØKONOMI

Fylkesleiar Idun Bortne har vore økonomiansvarleg og fylkessekretær Gro Gjelsvik har vore rekneskapsførar. Resultatet for 2016 vart eit overskot på 120 897 kr.

I tillegg viser vi til gjennomgang av rekneskapen og revisjonsmerknadene.

15. KONTORLOKALE

Hordaland Venstre har leigd kontorlokale på St Jakobs plass 9 i Bergen sidan 2004, men i 2016 vart leigeavtala sagt opp. Partiet flytta ut av lokala i juni.

Fylkesstyret hadde i heile 2015 vore på leit etter alternative stader å leige lokale, men det var ikkje lett å finne noko som er billeg og høveleg for formålet. I og med at valresultatet i 2015 gav Hordaland Venstre mindre statsstøtte enn vi har vore vande med fram til 2019, måtte fylkesstyret kutte i kostnadene og prioritere hardt for å få pengar til valkamp i 2017. Avgjerdsla om å velje bort eige kontor- og møtelokale var vanskeleg, men naudsynt.

Fylkessekretæren har høve til å bruka eit kontor som fylkestingsgruppa disponerer i fylkeskommunens bygg, Wigandgården, rett over gata frå St. Jakobs plass. I same bygg fins også møtelokale som Venstre kan bruka på kveldstid.

Unge Venstre og Bergen Venstre står no utan kontorlokalar/tilgang til eigne møtelokalar.

16. HANDLINGSPLANEN

Fylkesårsmøtet vedtok i 2016 Handlingsplan for 2016 og 2017.

Det overordna målet for perioden var å: *Bygge organisasjonen for å oppnå auka oppslutnad i Hordaland fram mot stortingsvalet.*

Organisatorisk fokus var lista opp i tre punkt:

- Auke medlemstalet, særleg kvinneandelen føre stortingsvalet i 2017. Og det skal vere politikk og politisk engasjement som skal ligge i botn for dette.
- Profilere sitjande stortingsrepresentant rundt om i kommunane i samarbeid med lokallagsleiarar og kommunestyrerepresentantar.
- Tett oppfølging av lokallaga gjennom skulering av lokallagsleiarar og folkevalde

Handlingsplanen er i 2016 følgt opp slik:

Handlingsplanen gjeld for 2 år, men fleire av tiltaka som er lista i planen vert det arbeidd systematisk med. Likevel har ein ikkje nådd dei måla ein har satt seg enda.

2016 vart eit år som vart prega av medlemsnedgang. Fleire medlemmer melde seg ut og færre har betalt kontingent. Dei fleste utmeldingane har vore frå Bergen Venstre. Utmeldingane har ført til at målet om auka kvinneandel ikkje er oppnådd. Dette er likevel ikkje eit problem som er spesielt for Hordaland Venstre og ei heller Venstre aleine. Dette er ein del av ein nasjonal trend. Og fleire andre parti slit med medlemsoppslutninga og utmeldingar.

Ved inngangen til 2017 er det likevel håp då det kjem inn fleire innmeldingar enn utmeldingar. Mange av dei nyinnmeldte er også kvinner.

Medlemspleie

Styret har satt i gang ei vervekampanje. Den vart starta på nominasjonsmøtet og vil vare til valdagen. Vinnar vil bli utropt på valvaka. Vi arbeidar med å samle inn informasjon om kven av våre medlem som kan være aktive i valkampen. Denne innsamlinga skjer både på nett og på møte som haldast. 15 februar 2017 vert det arrangert Venstreskule trinn 1 i Bergen for alle nye medlemmer.

Valkamp

Fylkesstyret sette ned eit valkamputval våren 2016. Valkamputvalet har vore leia av Tallak Rundholt og har hatt fleire møte gjennom 2016. Frode Fjeldstad har vore tilsett av VHO for å drive kampanjearbeid i Møre og Romsdal, Hordaland og Sogn og Fjordane. Han har kontorplass i Bergen. Fleire lokallag har hatt besøk av Frode Fjeldstad, Terje Breivik eller Idun Bortne, eller ein annan frå fylkesstyret for å informere om den komande valkampen. Nokre lokallag har ikkje fått besøk, men vi arbeidar for at dei kan få minst eit besøk før valet.

Nominasjonsprosessen vart starta våren 2016 med innspel av kandidatar frå lokallaga. Det vart halden 4 presentasjonsmøter for potensielle kandidatar rundt om i fylket. Lokallaga vart bedne om å levere prøvenominasjon før august 2016. Nominasjonsmøtet vart arrangert 16. september 2016. 17. september 2016 vart det arrangert valkampsamling.

Styret har lagt til rette for at lokallag og enkeltmedlemmer skal delta aktivt i prosessen rundt Stortingsvalprogrammet. Stortingsvalprogrammet vert handsama på fylkesårsmøte som eigen sak og styret har søkt å få nok tid til debattar rundt programmet gjennom parallelle sesjonar. Siste frist for innsending av innspel til programkomiteen til andre utkast er 17. februar, og gjev medlemmar og lokallag moglegheit til å sende inn forslag i etterkant av fylkesårsmøtet. Delmålet om ein aktiv og god nominasjons- og programprosess er oppfylt.

Skulering og organisasjonsbygging

Fylkesårsmøtet er det best besøkte møtet i Hordaland Venstre. Nominasjonsmøta er på andre plass. Alle aktive lokallag deltek på desse møta. Det er ikkje alle lokallag som deltek på fylkessamlingar. Det vart arrangert ei lokalpolitisk nettverkssamling i april 2016. Styret arrangerte også ei lokalpolitisk nettverkssamling som vart satt til dagen etter nominasjonsmøtet og kalla valkampsamling med ønske om at dei som deltok på nominasjonsmøtet også skulle delta på fylkessamlinga. Oppmøtet var likevel lågare for fylkessamlinga enn for nominasjonsmøtet. Fylkesstyret har arbeidd med å få ned kostnadane for fylkessamlingane slik at det ikkje er økonomi som er årsak til lavt oppmøte.

25. mars 2017 er det planlagt ein lokallagsleiarsamling som vi håper samlege lokallag deltek på.

Ta i bruk dei folkevalde

Dei folkevalde er blant våre viktigaste ressursar. Kommunikasjonen mellom dei folkevalde i kommunestyre, fylkesting, storting og hovudorganisasjon er søkt styrka gjennom eigen gruppe for lokalt folkevalde og lokallagsleiara på Facebook. Det er fleire Facebook grupper om politiske tema som er for heile landet. Vi ønskjer ikkje å konkurrere med desse.

Prioriterte kommunar

Det er utpeikt prioriterte kommunar i fylket. Det er dei 6-7 største kommunane med stort potensial for at folk stemmer Venstre. Desse jobbar vi ekstra med for å sikre at valkampen vert god og at ein treff målsetningane for kor mange direkte veljarkontaktar og røyster ein skal ha. Også andre kommunar har fått besøk og informasjon om kor mange veljarar ein må treffe og kor mange røyster ein må vinne i sin kommune for å bidra til å bringe Venstre over sperregrensa i 2017.

Betre økonomi

Styret har arbeidd mykje med å betre den økonomiske situasjonen for laget og har gjort tiltak som betrar situasjonen. Styret har arbeidd med både utgiftskutt og inntektsauke. Kontorlokala vi leige er sagt opp, og innsparingane vil vi sjå frå 2017. VHO har satt ned ei gruppe som jobbar med å få ned kostnadsnivået på Landsmøta i tråd med forslag frå Hordaland Venstre. Fylkesstyret arrangerte begge samlingane i 2016 til svært låg kost.

Fylkesstyret har vurdert ulike former for framtidig organisering av fylkesårsmøtet og legg fram eiga sak om dette til årsmøtet 2017.

Venstrevenn-ordninga er tatt opp på alle samlingar i organisasjonen og enkelte medlem har motteke eigen mail frå fylkesleiar med oppmoding om å bli venstrevenn. Likevel har det ikkje vore ei formidabel auke i talet på venstrevennar. Det er også etablert ein eigen VIPPS konto for laget, slik at overføringar kan gjerast enkelt. Dette har gitt nokre overføringar, men ikkje det omfang som var ønskjeleg. Facebook har vore nytta også til å informere om desse ordningane. Facebook vert brukt aktivt til å få våre lesarar til å melde seg inn i partiet ved at fleire innlegg avsluttast med link til innmeldingsidene til Venstre.

Fylkesstyret er ikkje der ein ønskjer å være for valkampøkonomien. Det er betydeleg meir arbeid som står att før ein har nok pengar til for eksempel annonsering. Dette er ein svær utfordring for laget. Det er val annakvart år og det viktigaste fylkeslaget gjer er å forberede organisasjonen på den neste valkampen. Det betyr at ein må sette av pengar til valkamp i kvart års budsjett. Å drive valkamp for mindre enn 400.000 er ikkje ønskjeleg. Den økonomiske situasjonen vert derfor ikkje betre før ein klarer å få eit årleg overskot på rundt 200.000 som kan settast av til valkamp.

Informasjon

Hordaland Venstre nyttar heimesidene og Facebook til å spreie informasjon om politikk og aktivitetar. Oppdateringar på nettsidene vert knytt opp mot Facebook. Oppdateringane på Facebook har blitt betydeleg betre. Heimesidene vert også oppdatert oftare enn tidlegare, sjølv om det framleis er rom for forbedring.

Hordaland Venstre har ikkje sendt ut månadlege nyhendebrev på e-post fordi ein ønskjer å ha betre oversikt over det totale talet på mail som sendast medlemmane frå alle delar av organisasjonen.

Bergen, januar 2017

Idun K. Bortne (s)
leder

Bjørnar Hamre (s)
1. nestleder

Jon Sivert Rykkel (s)
2. nestleder

Ingebjørg Winjum (s)
styremedlem

Rolf Nesheim (s)
styremedlem

Ronny Knutsen (s)
styremedlem

Birgitte Hjertaas (s)
Hordaland Venstrekvinnelag

Agnes Hoshovde Bernes (s)
Hordaland Unge Venstre

ETTERORD FRÅ LEIAREN

Året som gjekk og året vi har framfor oss handlar om det kommande stortingsvalet og jobben for å sikre Venstre mandat frå Hordaland i 4 nye år.

Venstre har tradisjonelt annakvart stortingsval vore over eller under sperregrensa. 2017 er eit år der vi etter denne tradisjonen skal hamne rett under sperregrensa. Saman kan vi bryte denne historikken og for første gang på mange tiår klare 2 stortingsval over sperregrensa. Det vil bli historisk!

Derfor skal vi i valkampen møte fleire veljarar enn vi gjorde i stortingsvalet 2013. Dei møta vi gjer skal vere meir målretta inn mot kretsar der Venstre har størst oppslutning eller størst potensial. Dette er heilt nødvendig fordi Venstre store problem er lav veljarlojalitet, og vi må halde på fleire av våre veljarar frå 2013. Derfor har Hordaland Venstre som mål å møte 54.000 veljarar.

Alle lokallag er viktige for Hordaland Venstre sin valkamp og målet om å bli historisk over sperregrensa. Eit mål om å møte 54.000 veljarar er basert på måltal for kvart lokallag, og sett i samanheng med kva lokallaga har klart ved dei siste vala. Det er lokallaga sin innsats som avgjer om Hordaland Venstre når dette målet. Derfor bør alle aktive lag ha sine egne valkampplanar og det er laga ein eigen mal for lokallaga.

Valkamp kostar. Til no er budsjettet langt under ønska nivå og er ein betydeleg utfordring for valkampen. Innsamling til valkamp har så langt berre gitt 800 kr i tillegg til pengane frå Venstrevenn-ordninga. Men vi håpar at dette endrar seg i tida framover.

Der er mange lyspunkt i organisasjonen, men der er også nokre utfordringar ein må jobba målretta for å imøtegå. Denne valkampen blir den mest intense valkampen og ingenting vil komme gratis for oss. Valkampen vil vere blod, sveitte og vi håpar på mykje latter.

Idun Kristine Bortne, fylkesleiar